



likestillings- og inkluderingsdepartementet Barne-
postmottak@bld.dep.no

Vår ref. **Sakshandsamar**
14/1700 - 14/7322 Regine Bruteig, 70244058

Dykkar ref. **Arkiv**
F47

Dato
13.11.2014

Høyningsuttale - Forslag om å utvide adgangen til å pålegge hjelpetiltak med heimel i lov om barneverntjenester

Viser til departementet sitt høringsbrev datert 20.10.14.

Storfjorden barnevern stiller seg i stor grad bak lovendringane om å utvida tilgjenge til å pålegge hjelpetiltak etter barnevernlova til å omfatte fleire tiltak enn i dag og å senke vilkåra for å pålegge eksisterande tiltak. Vi har følgjande merknadar til høyningsnotatet:

Kommentar til forslag om å utvide mulegheita til å pålegge hjelpetiltak

Storfjorden barnevern stiller seg ikkje bak forslaget om å ha ei uttømmende liste over kompenserande tiltak i lovteksten.

Ved å ha ei uttømmende liste i lovteksten vil det føre til at barnevernet ikkje kan pålegge dei tiltaka som blir vurderert som mest føremålstenleg for utviklinga til barnet. Lovteksten, og ikkje behova til barnet, vil då vere styrande for kva tiltak som skal kompensere for foreldra sine manglar når foreldra ikkje vil samarbeide/ser behova til barnet.

Kommentar til forslag om å senke vilkåra for å pålegge eksisterande tiltak.

Storfjorden barnevern vurderer det som misvisande at det i Barnevernlova § 4-4, 3. ledd 2. setning skal stå «Når det er nødvendig for å **sikre barnet tilfredsstillende omsorg og hindre at en situasjon som beskrevet i barnevernloven § 4-12 skal oppstå**, kan fylkenemnda gi pålegg om tilsyn, meldeplikt og urinprøver.»

Barnevernstenestene klarer ikkje å sikre barn tilfredstillande omsorg eller hindre at ein situasjon som skildra i barnevernlova § 4-12 skal oppstå ved hjelp av desse tiltaka. Desse tiltaka kan bidra til å kontrollere om barnet får tilfredsstillande omsorg og kontrollere om ein situasjon som skildra i barnevernlova § 4-12 har oppstått. Dette er godt beskrevet i forarbeidet til lovendringa og bør gjenspeilast i lovteksten.

Storfjorden barnevern støtter vurderinga om å senke vilkåra for desse pålegga, og at meldeplikt og urinprøver blir lagt til i lovteksten. Det vurderast også som føremålstenleg at fylkesnemndene fattar vedtak om pålegg av hjelpetiltak.

Storfjorden barnevern vurderer det som lite føremålstenleg om fylkesnemndene i samband med vurderinga om pålegg av hjelpetiltak samtidig skal vurdere om vilkåra for omsorgsovertaking er tilstade. Storfjorden barnevern vurderer at dette kan øydelegge legitimeten fylkesnemndene har som uhilda instans for å handsame barnevern og sosiale saker.

Storfjorden barnevern meiner at sak om pålegg av hjelpetiltak for fylkesnemndene bør framleggast på lik linje med vedtak om midlertidige vedtak i akutte situasjonar jf. § 4-6, 1. og 2.ledd. Dersom kravet om pålegg om hjelpetiltak skal dokumenterast utover dette, vil det føre til auke i administrative kostnadars som vil kunne

gå utover oppfølging i andre saker. Om det blir krav om framlegg av dokumentasjon utover vurderingane til barnevernstenesta, bør det difor følge med auka øyremerka midlar til barnevernstenestene.

Storfjorden barnvern vurderer at det bør vere frist for fylkesnemnda om behandling av vedtaksframlegget og for kommunen for iverksetting av tiltaket.

Med helsing

Storfjorden barnevern

Regine Bruteig
barnevernkons.

For Lene Solheim
Barnevernleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ikke signatur.